



## Referat

### Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	31. aug 2023 kl. 1000 - 1300
Møtestad:	Voss sjukehus
Møteleiar:	Kjersti Nordanger (utvalsleiar)
Til stades:	Kjersti Nordanger (Voss herad), Olav Lødemel (Helse Bergen, Voss sjukehus), Atle Grung (brukarrepresentant føretak), Eystein Hauge (kommuneoverlege), Gro Oma Fanebust (Helse Bergen), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen), Cathrine Stue Børhaug (Bjørkeli DPS) Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Åshild Sønsteby (Ulvik herad), Torstein Hellesnes (Ulvik herad) Terje Langeland (Kvam herad), Britt Heidi Tefre (Norsk sykepleierforbund) Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege),  Trude Hjortland (SSE føretakrepresentant) Reidun Braut Kjosås (SSe kommunerepresentant)
Fråfall:	Line Lie (Fagforbundet), Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune) Maria Vollseter (Helse Bergen),
Referent:	Reidun Braut Kjosås

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
26/23	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>  Innkalling og saksliste godkjent utan merknader	V
27/23	<b>Godkjenning av referat frå 1.juni. 2023</b>  Ingen merknader til referatet	V
28/23	<b>Referat frå SSU møte 1.juni 2023</b>  Til sak 15/23 i referatet informerte Kjersti Nordanger, som er OU Voss sin representant i arbeidsgruppa for felles overordna strategi for helsefellesskapet i Bergensområdet.	O

	<p>Arbeidsgruppa hadde hatt sitt første møte 29.aug. Det er laga ein framdriftsplan for arbeid i gruppa.</p> <p>Elles ingen merknader til referatet</p>	
29/23	<p><b>Status Handlingsplanen for Helsefellesskapet i Bergensområdet</b> SSE ved Reidun gjekk gjennom handlingsplanen (sjå vedlegg).</p>	O
30/23	<p><b>Referat frå underutvala</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rus og psykisk helse, møte 22.06.2023 <ul style="list-style-type: none"> <li>o merknad: PAM har meldt tilbake at dei ikkje kan delta i dette utvalet. Helse Bergen undersøkjer dette nærmare.</li> <li>o Det kom fram eit særleg ønske om fastlege deltaking i underutval for Rus og psykisk helse. Kommunalsjefane i lokalsjukehusområdet tek med seg innspelet i vidare drøftingar i kommunalsjefsnettverket.</li> </ul> </li> <li>- Barn og unge, møte 11.05.2023</li> <li>- Rehabilitering, møte 22.08.23</li> <li>- Pleie og omsorg, møte 23.05.2023 - ettersendt</li> </ul> <p>Tilbakemeldingar frå områdeutvalet etter gjennomgang av referat frå underutvala:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Mykje god samhandling.</li> <li>- Kjekt å lesa desse referata.</li> </ul> <p>Områdeutvalet ønskja å få tilsendt alle mandata for underutvala. Mandata vart vedteke i førre områdeutvalsmøte (27.april) og ligg ved dette referatet.</p>	O
31/23	<p><b>Søknad om tilskot</b> Hardanger og Voss legevaktdistrikt søker om tilskot til årleg legevakt seminar</p> <p><b>Vedtak:</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde gjer tilskot på kr 50 000,- til seminar for interkommunalt legevakt seminar.</p>	V
32/23	<p><b>Orientering frå representantane (runden rundt bordet)</b></p> <p><b>Vaksdal kommune</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har hatt trykk på sjukeheimsplasser siste mnd. Nytt bygg skulle vore klart men er utsett til etter nyttår. Utsettinga skuldast forseinkingar i fleire ledd.</li> </ul> <p><b>Eidfjord kommune</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har i lengre tid jobba mykje med heiltidskultur. Skal snart prøva ut langvakter på institusjon og i heimetenesta (startar med helg). Framlent har bistått i arbeidet. Det er positiv innstilling hos alle partar til å gjera desse endringane. Gode medverknadsprosessar. Skal prøva ut vakter heilt opp i 14t (må søkja om dispensasjon)</li> <li>- Manglar ein fastlege. Har inne ein lege frå vikarbyrå. Utfordring med legevakt og bakvakt.</li> </ul> <p><b>Kvam herad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Positiv sommar</li> <li>- Mange prosjekt og mykje som skjer i tenestene.</li> <li>- Oppgåvefordelingsprosjekt skal frå hausten inn i TØRN. Langvakter er ein del av prosjektet</li> </ul>	O

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjukefråvær er ei utfordring i pleie og omsorgs tenesta</li> <li>- Kommuneoverlegen i Kvam, Dag Erlend Skjelbreid sluttar i stillinga 30.sep og går over til å bli fastlege ved Helsebanken legekontor i Øystese. Det vert arbeidd med å få på plass ny kommuneoverlege.</li> <li>- Kvam har eit lite generasjonsskifte blant leiarar. Korttidsavdelinga ved Toloheimen får ny leiar (Anne Lise Neteland) og Siw Waage går in som leiar for heildøgns omsorg (tek over etter Elfrid Oma).</li> </ul> <p><b>NSF</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- samarbeid omkring budsjettet ved Voss sjukehus (bemannning og rekruttering)</li> </ul> <p><b>Brukarepresentant</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Brukarutvalet i Helse Bergen er utfordra til å koma med innspel til Helse Bergen sitt budsjett. Kan ein i større grad få til samarbeid med frivillige? Frivillige er ein stor «ressurspool» i samfunnet. Kan det vera aktuelt at frivillige deltek på avdelingar? Ein frivillig på kvar avdeling kvar dag? Brukarutvalet ser nærmare på prosjekt som er gjennomført andre stader.</li> </ul> <p><b>Ulvik herad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er med i TØRN og vurderer langvakter i helg</li> <li>- Det er store endringar og god stemning i helse og velferd i Ulvik</li> <li>- Kommunen har fått ny fysioterapeut og ny lege</li> <li>- Det pågår ein revisjon av Helse og velferd for å sjå på kostnadsnivået. Det er etter ønskje frå politikarane om ei ekstern gjennomgang av eininga. Venter å få rapporten ganske snart.</li> </ul> <p><b>Helse Bergen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det har vore ein god sommar, men fult</li> <li>- Akuttposten (rusakutten) vert flytta frå legevakta til mottakslinikken på HUS</li> <li>- Samhandlingskontakte i klinikane deltek i prosjekt «Trygge overgangar ved inn- og utskriving». Det er jamlege samlingar med desse kontaktane.</li> <li>- 12.des inviterer Helse Bergen til samhandlingsdag (kommunar har delteke i programkomiteen). Kvar kommune kan stilla med 5 deltakarar (gjerne personar som er tett på samhandling).</li> <li>- Det er fult i psykisk helse vern. Det vert særleg arbeidd med å få til gode overgangar.</li> <li>- Prosjekt psykisk helsevern for framtida og konseptrapport vert skrive no og vert lagt fram for styret i oktober.</li> <li>- Det går bra på Voss sjukehus – intens jobbing for å komme opp til nivået før pandemien, og det har me klart.</li> <li>- Viktig å halda oppe kvalitet til tross for krevjande økonomi</li> <li>- Stram økonomi i Helse Bergen vil og kunne få følgjer for kommunane. Det er derfor viktig at me snakkar godt saman. Me må finna gode løysingar sammen.</li> </ul> <p><b>Kommuneoverlege</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ikkje noko å melda</li> <li>- tilsynslege på Voss er på plass (har slitt lenge med dette)</li> </ul> <p><b>Bjørkeli</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- pågående rekrutteringsprosess av adm dir.</li> <li>- Me merkar ei stor auke i ADHD-henvisingar. Det skal vera møte med fastlegar lokalt i oktober med tema ADHD</li> <li>- implementering av prosjektet «Felles mottak og prioritering» fungerer bra</li> </ul>	
--	--	--

	<p><b>Voss kommune</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- beste sommar på lenge</li> <li>- bemanningsutfordring er som dei andre kommunane. Me jobbar med dei same utfordringane som dei.</li> <li>- Har hatt innleige av spanske sjukepleiarar siste tida. Dette har fungert veldig bra.</li> </ul>	
33/23	<p><b>Samhandling og samarbeid mellom Barne- og ungdomsklinikken (BUK) og legevakt</b> Maria Vollæter Klinikkdirektør ved BUK orienterer om saka.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Innspel om å vurdera ein informasjonskampanje. Informasjon om korleis handtera sjuke born. Viktig med informasjon på fleire språk.</li> <li>- Positivt om ein kan få til enklare konferering mellom legevakslege og lege ved BUK</li> <li>- BUK har faste møter med legevakta i Bergen</li> <li>- Dersom ønskeleg kan ein og få til faste møte med interkommunal legevakt for Voss og Hardanger. Voss sjukehus er og interessert i å vera representert i eit slikt fora</li> </ul>	O/D
34/23	<p><b>Innflytting i Glasblokkene hausten 2023</b> Helge Bergmann og Kari Ulvseth orienterte om saka (sjå vedlegg)</p>	O
35/23	<p><b>Etablering av faglege samarbeidsutval</b> SSE orienterer om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Innspel som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- OU Voss ønsker at FSU skrøpelege eldre endrar namn. Utvalet meiner at «eldre» eller «sårbare eldre» kan vera aktuell nemning. Ønskjer at SSU endrar namn på dette faglege underutvalet.</li> <li>- Viktig å koble kontakt mellom lokale underutval og fagstrukturen (felles faglege samarbeidsutval)</li> <li>- Viktig å få til gode fagdiskusjonar i arbeidsgruppene som skal etablerast. Implementering tek tid og ein må tora å stå i at alt ikkje er heilt klart.</li> <li>- Brukarorganisasjonane er positive til dette arbeidet</li> <li>- Kommunalsjefane melder tilbake til SSE kven som vert kommunal representant i arbeidsgruppa for etablering av FSU barn og unge.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde nemner opp ein representant til den faglege arbeidsgruppa "Barn og unge" innan 14. September 2023.</li> <li>- Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde tek vedtaket frå SSU om å vidareutvikla referansegruppa frå prosjekt «psykisk helsevern for framtida» til eit felles fagleg samarbeidsutval for psykisk helse og rus (vaksne) til orientering.</li> <li>- Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde gjer sin tilslutning til at SSU etablerer eit FSU for målgruppa eldre.</li> </ul>	D/V
36/23	<p><b>Presentasjon av Pasient- og brukarombodet si årsmelding</b> Marianne Gjøsæther Litland og Evelyn Grøttveit, seniorrådgjevarar frå Pasient- og brukarombodet i Vestland orienterte om saka</p> <p>Pasient og brukarombodet ønskjer å nå ut til fleire.</p>	O

	<p>Dei har faste møter med leiinga i Helse Bergen og Haraldsplass diakonal sjukehus. Dei har også jamlege møtepunkt med statsforvalta og med Bergen kommune. Dei kjem gjerne til andre kommunar og. «<i>Me kjem om me får invitasjon</i>».</p> <p>Ungdom og unge vaksne tek kontakt med oss, men her er det stort potensiale. Dei digitale løysingane for å ta kontakt med oss skal bli betre. Per i dag kan ein kontakta oss per telefon eller via e-post. Me erfarer at unge ønskjer å nytta andre plattformer for kontakt. Me har eit samarbeid med ung.no (spørsmål og svar)</p> <p>For eldre er det ofte pårørande som tek kontakt. Me erfarer og at pårørande ofte har ei anna historie enn pasienten.</p> <p>Pasient og brukarombodet lager ei nasjonal årsmelding (sjå vedlegg).</p>	
37/23	<p><b>Informasjon om Nettverk for kreftomsorg og lindrande behandling</b> Ann Kristin Øren, kreftsjuepleiar Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest orienterte om saka (sjå vedlegg)</p>	O
38/23	<p><b>Praksis knytt til vurdering av utskrivingsklare pasientar</b> Grete Lill Hjartnes, samhandlingssjef Helse Bergen orienterte om saka</p> <p>Innspel som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ei god sak og lesa.</li> <li>- God informasjon som ein og gjerne kan ta vidare i organisasjonane.</li> <li>- Då ein går inn i tider med trøngare økonomi for fleire vil det bli viktig med god dialog.</li> </ul>	O
39/23	<p><b>Møteplan 2024</b></p> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet i Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til forslag til møteplan for 2024.</p>	V
40/23	<b>Eventuelt</b>	

**Neste møte:** måndag 6.nov 2023